



Justisdepartementet v/Waqas Malik

Dato: 14.08.2014

Vår ref: 14/1266 - TJO (14/19593)

Dykkar ref:

## **Høyringsvar frå Møre bispedøme - varig ordning for lengeverande born**

Viser til utsend høyringsbrev av 6.06.2014. Møre biskop og Møre bispedømeråd har fylgjande merknader og innspel til høyringa:

1. FN sin barnekonvensjon må tilleggst stor vekt når det gjeld å vurdere barn sitt behov for opphald og vern i Norge. Når artikkel 3 slår fast at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn («primary consideration») i alle handlingar som gjeld barn – så er det vanskelig å forstå korleis departementet i høyringa under punkt 4 kan hevde at dette likevel inneber at andre omsyn ( inneforstått: «innvandringsregulerende hensyn») kan tilleggst like stor eller større vekt. Dersom ein skal ta regjeringa sin politiske plattform på alvor, må det nettopp vere fokuset på kva som er best for barnet, som vert tillagt større vekt i vurderingane. I denne heiter det at regelendinga skal medverke til at «utlendingsmyndighetene i større grad vektlegger hensynet til hva som er barnefaglig forsvarlig.»
2. Omgrepet «barnefaglig forsvarlig» står sentralt i forslaget til nye retningslinjer, men er ikkje definert eller innhaldsbestemt i høyringa. Kven er det som skal avgjere kva som er barnefaglig forsvarlig? Dette vil i stor grad påverke kva betydning dei nye retningslinjene vil ha for lengeverande born som søker opphald i Norge. I andre saker som gjeld omsorg for utsette og sårbare born i Norge er det Barnevernet som i første rekke avgjer kva som er barnefaglig forsvarlig. Vi meiner at Barnevernet eller tilsvarende faginstans rutinemessig også må uttale seg om kva som er barnefaglig forsvarlig, når ein skal vurdere utanlandske barn sitt behov for opphald og vern i Norge etter Utlendingsforskriften §8-5.
3. Kravet om at foreldre må medverke til å avklare eigen identitet og at dei også skal ha «bidratt til å muliggjøre (egen) retur» er relevant, men også problematisk, sidan ein dermed innfører eit prinsipp der barna vert skadelidande på grunn av foreldra sine handlingar. I barnevernsaker er det alltid barna sitt beste som står i fokus, uavhengig om foreldra har samarbeida godt med offentlige instansar eller ikkje. Foreldre kan gjere ukloke val, og handle galt i si rolle som foreldre, men barna bør ikkje «straffast» ytterligare av den grunn.

Dessutan er det viktig å ta omsyn til dei mange faktorane, som kan medføre at traumatiserte personar ikkje har tillit og derfor ikkje åpnar seg for politi, tolk eller offentlige tenestemenn i først omgang. Ein må særleg ta omsyn til kulturskilnader knytta til kjønnsroller, seksualitet, verdigheit og skam.

Mange av dei som risikerer livet for å komme til Norge, har dessutan fått klar beskjed frå menneskesmuglarar om at dei må kaste alle identitetspapir og skjule sitt opphav dersom dei skal ha von om opphald i Norge. Derfor er det viktig at §8-5, tredje ledd innheld formuleringa «som hovudregel», og at det vert teke individuelle omsyn og vist godt skjøn i forhold til dette kravet.

  
Ingeborg Midttømme  
Biskop i Møre

  
Bjørn-Olaf Storhaug  
Stiftsdirektør